Ingen merknader frå Bergvesenet

12.01.2010

Bergvesenet har meldt at det ikkje har nokre merknader til reguleringsplanforslaget for Uskedal Sandtak og den avgrensa konsekvensutgreiinga som er gjennomført. Bergvesenet er ein av høyringspartane under den utleggjing som no skjer.

Bergvesenet registrerer at det i føresegna til reguleringsplanen blir stilt krav om utarbeiding av driftsplansom skal godkjennast av Bergvesenet. Men frå dette årsskifte har Bergvesenet i tråd med den nye minerallova ein sjølvstendig heimel til å krevja inn og godkjenne driftsplanar for det einskilde massetak.

Måndag vart det elles halde eit drøftingsmøte om sandtak-planen i Gamleskulen. Det var kommunen som hadde innkalt til møtet og dei inviterte var tiltakshavar Trond H. Myklebust, konsulentfirma Harald Bjørndal AS, naboar og gjenboarar til det aktuelle prosjektet og kommunen ved saksbehandlar Ingo Bewer. Føremålet var å orientera og drøfte vidare framgang i saka.

- Utgangspunktet for møtet skal vera informasjon om tiltaket og konsekvensar, heitte det i innkallinga.

Av Ola Matti Mathisen